

NYTT DAGTILBOD FOR ELDRE

På Ypsøy Kystgard - ei veglaus øy i Herdlefjorden

YPSØY KYSTGARD

Ypsøy Kystgard er ein stad med mykje aktivitet gjennom heile året. Garden er på øya Øpso, ein kort båttur frå fastlandet på Holsnøy. Den raude tråden i all aktivitet på garden handlar om å bry seg; om naturen, om folk og om fe.

BRUK

Ypsøy Kystgard sidan 2002 vore lidenskapeleg oppteke av vedlikehald av kulturlandskap. I 19 år har garden praktisert tilbod til skuleelevar med behov for ein alternativ skuledag, med positive resultat og tilbagemeldingar. Det er opparbeidd gode rutinar for HMS.

NYTT INITIATIV

Miriam Ypsøy er sjukepleiar og er oppvaksen på Øpso.

Gjennom fleire års arbeid i helsevesenet har ho blant anna jobba i eldreomsorg og med personar med demens, og ynskjer no å bruke naturperla Øpso til å bidra til ein betre kvardag for desse gruppene.



LÅGT TEMPO - HØG TRIVSEL

Ypsøy Kystgard ynskjer å bidra til ein god og stimulerande kvardag for eldre. Vi siktar mot eit lågt tempo og høg trivsel, ved å invitere mindre grupper til denne fredfulle øya.

Målet er at brukarane av tilbodet skal oppleve meistringskjensle, livskvalitet, inkludering og trivsel i ei positiv atmosfære. Vi ønskjer å dyrke brukarane sine interesser. Dei vil få ei unik moglegheit til å delta på ulike aktivitetar i naturskjøne omgjevnader.



AKTIVITETAR

Eksempel på aktivitetar:

- **Stell og samvær med gardsdyr**
Villsau, høner, katt
- **Sjøliv**
Fisking frå båt og kai, setje garn og krabbeteiner
- **Båtturar**
- **Turar i inn- og utmark eller på nærliggande holmar og øyer**
- **Tur til Herdla museum**
- **Matlaging**
Vi har eldhus, grill, kjøkken, bålplassar og røykehus
- **Plukking/sylting/safting av frukt og bær**
- **Handverk**
Maling, strikking, hekling, leire
- **Musikk , dans og poesi**
Musikkterapi, gitarspel, diktlesing
- **Planting og jordbruk**

Ypsøy Kystgard har ei nybygd sjøbu med flytebrygge og ei restaurert løe med eldre gjenstandar. Vi har og fleire båtar og andre fasilitetar.

Verkar dette interessant?

Kontakt Miriam Ypsøy på
Telefon: +47 97 62 01 86

E-post: miriam@kystgard.no

PRAKTISK INFO

- Onsdagar (f.o.m. 26. mars)
Kl. 11:00-14:00
- Oppstartstilbod: 300,- pr. dag (inkl. lunsj).
- Oppmøte: lo på Rossland
Båttur til Øpso tar 10 minutt
- Tilbodet passar for eldre som er fysisk funksjonsfriske nok til å gå i trapper
- Ein pårørende/ledsagar kan følgje gratis
- Ta kontakt dersom du er usikker på om du er i målgruppa

Velkomen!

